



Gunn Mari Moberg har laga 280 kilo sylteflask både i 2007 og 2008. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Julehandelen har rett og slett vore strålende, enda betre enn i fjor. Det kunngrer Bente Nilsen og Gunn Mari Moberg i SPAR Uskedalen for uskedalen.no like før jula er over og eit nytt år bankar på.

Førebels er det litt for tidleg å konkludera om resultatet for 2008, men Uskedalsbutikken har truleg passert 30 millioner i brutto-omsetnad i år.

Folk i bransjen vil karakterisera det som oppsiktsvekkjande positivt for ein landsens daglegvarebutikk.

Omsetnadsauken kjem til å liggja på ni prosent for SPAR Uskedalen i 2008 medan daglegvaremarknaden i Noreg totalt viser ein vekst på sju prosent dette året, opplyser dagleg leiar Bente.

Når det gjeld grunnane til det gode salet før jul trekk ho spesielt fram sylteflasket til Gunn Mari. Det betyr mykje når det gjeld å 'henta inn' kundar, som kjem frå heile Kvinnherad for å handla i Uskedalen.

- Folk må ha flesket vårt til jul, dei ringjer og bestiller, fortel Bente.
Som i fjor har Gunn Mari laga 280 kilo sylteflesk og det har gått unna.

- Og det har altså ikkje vore noko teikn til finanskrisa i SPAR?

- Nei, slett ikkje, og det er nok ingen tvil om at til dømes restaurantnæringa merkar dei trångare tidene meir enn oss.

Men vi har kanskje registrert ein tendens, nemlig at folk held seg meir heime og inviterer folk i staden for å gå ut. Vi har nemleg hatt ein catering-omsetnad før jul som var så stor at vi ikkje makta å dekkja etterspurnaden. Bestillingane kom frå heile Kvinnherad.

Interessa for slike leveransar har auka jamt og trutt og nådde altså ein topp før jul.

Det held forresten fram på same viset i det nye året. Allereie no er til dømes fleire av konfirmasjonshelgene utpå vårparten heilt fulle av bestillingar.

Catering er i det heile ei viktig ny og lovande grein som vi satsar på, seier den daglege leiaren i suksessbutikken.

Av Ola Matti Mathisen